

Lindås 8.12.2019

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 41

5914 ISDALSTØ

### **INSTALLASJON AV EL-OVERGANG 400/230V 3FASE I LINDÅSHALLEN.**

Lindås Bygdelag ber her på vegne av fleire lag og organisasjonar om at kommunen installerer 230V 3fase straumuttak i Lindåshallen, med kapasitet til å dekke dei lys og lydriggane som er vanlege å bruke for å gjennomføre arrangement i Hallen.

Det noværande 230V anlegget i hallen er ikkje utforma med tanke på, - og har heller ikkje tilstrekkeleg kapasitet til, å forsyne vanleg lys- og lydriggar som skal til for å gjennomføre sjølv mindre arrangement og tilstellingar.

I hallen er der uttak på 400V med nok kapasitet. Problemet er at utstyret som alle våre lokale grupper og arrangørar rår over, er på 230V. For å bruke dette uttaket må det være ein overgang/transformator, enten fast eller mobil som reduserar spenninga frå 400V til 230V 3fase. Denne overgangen manglar.

Fram til no har vi løyst situasjonen, enten ved å leige mobil trafo når det er heilt nødvendig, eller ved å ta ulempene med å tilpasse og gjennomføre arrangement med eit anna lyd- og lysopplegg, enn det som kunne vore det enklaste og beste.

Dei aller fleste av tilstellingane våre i hallen, vert gjennomført med dugnadsarbeid av ulike og oftast lite erfarne arrangørar. Då vert det å alltid måtte gå ut for å leige trafoutstyr, eller tilpasse arrangementsopplegget til mindre eigna lyd og lysutstyr, eit unødvendig stressmoment som reduserar litt av alt det positive hallen er for bygda vår.

For Bygdelaget og dei andre laga som brukar hallen, vil det være ei tilfredsstillande løysing om hallen vart utstyrt med ein mobil trafoeining, med tilknytningskabel til 400V og uttakspunkt for 230V 3fase. Denne må finnast fast i hallen slik at den lett kan hentast fram ved behov.

Vi har sett på utstyr og funne at ein mobil trafo med tilknytningskabel, 230V 3fase uttak og kapasitet som dekker vårt behov, kan leverast i hallen, klar for bruk til kr 15.000, - (+MVA)

Det kan godt være at kommunen ser andre behov som krev anna og meir permanent måte å løyse dette på. Men det som no er viktig for oss, er å få til ei løysing så snart som mogeleg. Det første planlagte arrangementet vi pr i dag veit må nytte 230V, skal vi ha i midten av mars og vi håper at løysinga er på plass til den tid.

Vi håpar kommunen ser positivt på førespurnaden vår og ber om tilbakemelding så snart som råd med svar på:

- Korleis meiner komunen at «problemet vårt» best kan løysast.
- Kan løysinga være på plass seinast innan utgangen av februar 2020?

Mvh

For

Lindås Bygdelag

Lindås Ungdomslag

Arne Aven

Svein Gjeldsvik

*Kontaktadresse:*

*Lindås Bygdelag*

*v/Arne Aven*

*Tlf: 91852483*

*Epost aaven@online.no*